



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
28/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.05.2019
32/2019	Kommunestyret	PS	17.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FA-L12, TI-&30	16/1114

PLANPROGRAM FOR OMRÅDEPLAN VAKSDAL PLANID 2016001 FASTSETTING AV PLANPROGRAM ETTER HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN

Vedlegg:

Planprogram Vaksdal, rev. mai 2019

Oppsummering innspill planprogram V

Høyring av planprogram - områdeplan med konsekvensutgreiing for tettstaden Vaksdal i Vaksdal kommune, planID 2016001

KPA_Samanfatning av innspel vedlegg til planprogram Vaksdal

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Vaksdal, planID 2016001.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 28/2019

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tiltak:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Vaksdal, planID 2016001.

Høyringsuttalar til arealdel Vaksdal vert lagt ved sak om planprogram.

Kommunestyret - Sak 32/2019

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Vaksdal, planID 2016001.

Høyringsuttalar til arealdel Vaksdal vert lagt ved sak om planprogram.

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Vaksdal har i sak 70/2016, vedteke oppstart av områdeplan for Vaksdal stasjonsby. Planprogrammet er det første formelle dokumentet i eit planarbeid, FPØ vedtok i sak 08/2019 utkast til planprogram til høyring og offentleg ettersyn. Høyringsperioden var frå 20. februar til 5. april 2019.

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Til høyringa kom det 7 innspel;

1. Fylkesmannen i Vestland
2. Hordaland fylkeskommune
3. Statens vegvesen
4. BaneNOR
5. Mattilsynet
6. Kystverket
7. Vaksdal næringsselskap

Samanstilling av høyringsinnspele med kommentarar er vedlagt. I fleire av innspele vart det etterlyst utgreiingstema, og det er difor tatt inn eit nytt kapittel; *5 Viktige tema i planarbeidet*. Tema strandsona er også tatt inn i kapittel 3. Elles er det gjort nokre mindre endringer i teksten, mellom anna presisering av metode til konsekvensutgreiing. Viktige tema som er presisert i kapittel 5 er;

- Sentrumsutvikling
- Bustadbygging
- Næringsutvikling
- Stasjonsområdet
- Friluftsliv og bygdeliv
- Samferdsel –herunder gang/sykkel og kollektivtilbod
- Tverrsamband
- Trafikktryggleik
- Bruk og vern av strandsona
- Bruk og vern av kulturminne
- Samfunnstryggleik

Bakgrunn for saka

Planarbeidet for Vaksdal tettstad er sett i gang i samband med regjeringa sitt vedtak om å utarbeida statleg reguleringsplan for ny trasé for E16 og dobbeltspora jernbane frå Arna til Stanghelle. Den statlege planen vil påverka utviklinga av staden Vaksdal. Kommunestyret i Vaksdal har difor, i sak 70/2016, vedteke oppstart av områdeplan for Vaksdal stasjonsby.


Planprogrammet er ein disposisjon eller oppskrift for planarbeidet, og må ikkje forvekslast med sjølv områdeplanen. Planprogrammet er det første formelle dokumentet i eit planarbeid. Det er her kommunen informerer om målet med områdeplanen, arbeidsopplegg for planarbeidet og korleis innbyggjarar og andre interesserte skal verta involvert. Planprogrammet skal også informera om det skal utarbeidast fleire alternative planforslag, og om krav til konsekvensutgreiing.

Formålet med planarbeidet er å legga til rette for at stasjonsbyen Vaksdal kan veksa og utviklast vidare til ein fleirfunksjonell stad med bustader, næring, handel, offentleg og privat tenesteyting, blågrøne strukturar, møteplassar, friluftsliv og naturopplevelingar. Vaksdal skal planleggast for ein framtidig auke i folketal og tilreisande, og utviklinga skal forankrast i staden sin natur og lokale historie.

Områdeplanen omfattar heile tettstaden Vaksdal, Boge og Sædalen, for å sikra god samanheng og

arealutnytting i og rundt tettstaden. Planområdet som er sett av strekk seg frå Ytre Boge i sør, opp langs fjella mot Sædalen i nordaust, ut i fjorden i vest og forbi Sildaneset i nordvest. Planområdet er 3096 daa stort.

Bakgrunnen for avgrensinga er å sikra at alt areal, samband og tilkomst til dei ulike områda i og rundt tettstaden vert vurdert i områdeplanen. Planområdet strekk seg ut i fjorden og omfattar delar av natur- og grøntområde. Sjøarealet er med for å sikra god planlegging, dersom statleg plan legg opp til massedeponi utanfor Vaksdal mølle, Vaksdal kai eller i fjorden ved Boge.



Planområde for områdeplan Vaksdal

Planområdet kan verta innskrenka gjennom prosessen. Dersom det ikkje vert aktuelt med utfylling i sjø, eller vurderingar syner at det ikkje kjem endringar i Sædalen eller på Boge, kan planområdet innskrenkast gjennom det vidare planarbeidet.

Kva har me gjort til no?

I samband med at kommunestyret vedtok oppstart av planarbeid for Vaksdal og Stanghelle,

gjennomførte kommunestyrerepresentantane ein SWOT-analyse. Ein slik analyse ser på Strengths (styrke), Weakness (svakheiter), Opportunities (mogelegheiter) og Threats (truslar).

Kommunen inviterte til ope informasjonsmøte og framtidssdugnad den 28. november 2017 i samfunnssalen på Vaksdal senter. På møtet kom det ca. 70-80 innbyggjarar. Innbyggjarane vart invitert til ein «framtidssdugnad» for å sikra at områdeplanane er forankra i lokalmiljøet og at viktige tema kjem med i områdeplanen. På dugnaden vart det laga «stoltheitsplakat» der innbyggjarane skulle trekke fram kva dei var stolte av i bygda, og «draumebiletevegg» der Vaksdal si framtid og innbyggjarane sine draumar for tettstaden vart diskutert.

Vaksdal kommune inviterte til felles workshop for ungdomane på Vaksdal og Stanghelle for å sikra at dei yngre stemmene i tettstadane vert teke omsyn til i dei vidare planprosessane. Det er eit viktig fokus for kommunen at innbyggjarane, også dei unge, får ta del i medverknadsprosesser i planarbeidet. Felles workshop vart halden 23.03 2018, i samarbeid med ungdomsrådet.

Som ein del av medverknadsprosessen for områdeplanane, har kommunen gjennomført ein prosess for «framtidsbilete» saman med utvalde innbyggjarar, politikarar og administrasjonen.

Planprogrammet seier meir om dette, og sluttrapport vert no utarbeidd.

Det er også laga ei stadaralyse, som har ei oppsummering av moglegheiter, med utgangspunkt i staden sine kvalitetar og utfordringar. Moglegheitene seier noko om kva handlingsrom som ligg i tettstaden når kommunen skal planlegge vidare, og kva kvalitetar som må ivaretakast. Stadarlysen er å finne på kommunen sine nettsider.

Vurdering og konsekvensar

Forskrift om konsekvensutredninger set krav om at det skal utførast ei konsekvensutgreiing for områdeplanen, jf. forskriftas § 6a. Formålet med konsekvensutgreiinga er at omsynet til miljø og samfunn blir skildra og vurdert gjennom planarbeidet og når planen vert vedtatt. Det er konsekvensane av dei samla tiltaka og/eller arealendringane i planen som skal gjerast greie for. Konsekvensutgreiinga skal omtale planen sine forslag til arealbruk/tiltak og kva som kan gjerast for å hindre, redusere eller kompensere for skadeverknader for miljø og samfunn i samband med gjennomføring av plan/tiltak.

Framdrift

Arbeidet med områdeplanen vil vera ein parallel prosess med den statlege reguleringsplanen. Det statlege planprogrammet og tilhøyrande silingsrapport er ei viktig føring for arbeidet med områdeplanen. Vidare prosess og handsaming av statleg plan vil avklara traséen for veg og jernbane gjennom Vaksdal, og kva handlingsrom ein får i områdeplanen. Det er difor naturleg at Vaksdal kommune har sine milepælar litt etter statleg plan, med vedtak av reguleringsplan i 2021.

Statleg plan har framdrift;

- Vedtak planprogram innan 2018
- Reguleringsplan til høyring, mai 2020
- Vedtak reguleringsplan innan 2020